

M/F OS

- Av Sveinung Giske -



Reiarlag:	Norled
Kallesignal:	LHFA
IMO nr.:	7704679
Registreringshamn	Bergen
Byggeår	1978
Byggeverft	Bolsønes Verft Molde, b. nr. 256
Hoveddimensjoner:	
Lengde over alt. (LOA)	64,33 m
Bredde på fenderlist	11,55 m
Kapasitet biler	35
Fart	12 knop
Hovedmotor	ABC.Type 6DZC-800-173-A 1104 KW 800 RPM
2 stk Hjelpemotorer	John Deere 6068TFM50 (HE) (KC) 89 KW /1500 115 kw/1800
Tonnasje	838 BT, 252 NT
Sett i drift i rute 21	01.01.2008

Skift 1



Hans J. Hellevik – Kaptein 50% stilling

Hans var fødd på Lepsøya i 1946, og det var også heimstaden hans til han var 21 år. Han bor no i Tennfjorden. Som sagt, bur ein på ei øy, vert ofte sjøvegen kort, og slik vart det også for Hans. Etter at han var konfirmert, bar det på sjøen, og der han han vore sidan, med unntak av skulegang for å kunne kvalifisere seg som Overstyrmann og skipper. I byrjinga var han fisker om bord i lepsøybåtane Solberg, Nyberg og Havglytt på linefiske. Hans har gjort det meste som sjømann og fisker. Som fisker, Overstyrmann og skipper. Han var med Lepsøy på fiske i Afrika, der han også var notbas ein periode. Det vart lange turar, og den lengste varte 9 månader. Hans var på reketråling i totalt 35 år. Båter som Berghorn frå Vartdal, Pero, Kapp Farvel, og Åge Remøy sin Polaris, som han var med på å ta ut som nybygg, var båter Hans var med. Å drive rekefiske er kanskje noko av det hardaste ein kan gje seg i kast med, då fiskefelta er i nokre av dei verhardaste områda vi har. I 2003 var det nok, og Hans fekk seg jobb i Fjord1, og seinare Norled. Dei fergestrekningane han har segla mest på, er rute 21 og sambandet Aursnes – Magerholm. Når han går av vakt for siste gong frå Os, går Hans over i pensjonistane sine rekker på rett. Vel blåst.



Leif A. Rishaug – Kaptein 50% stilling

Leif er fødd i 1950 i Harøysundet i Hustadvika kommune, men har budd i Søvikja sidan 1977. Leif starta som fisker i 1966, og dette har vore levevegen i 40 år. Han har gjort det meste innan fiskeri med hovedvekt på linefiske og tråling. Leif var om bord i Tampen i 18 år. Trålinga førte han også til New Zealand i ein 3-års periode. I 2007, sa Leif farvel til fiskerlivet, og starta i Fjord1 ombord i M/F Tingvoll. Rute 21 har vore arbeidsstaden til Leif i alle desse åra. Leif er ein sjøens mann, og som han sjølv seier det: «Då eg var på fiske, var det berre hav å sjå, men etter at eg byrja i rute 21, såg eg heim att dit eg bur, og også til staden der eg var fødd» Når han no går av vakt 12. desember, er det også, kanskje, farvel til eit langt arbeidsliv på sjøen. Då vert Leif pensjonist på rett, buande i heimen, og med utsikt til havet.



Einar Kjerstad – Overstyrmann

Einar er fødd på Lepsøya i 1957, og dit flytta han ogå attende i vaksen alder. Som 17 åring starta han som fisker om bord i «Lepsøy», noko som var starten på eit 10 - 12 år langt liv på sjøen. Skulegang er viktig og Einar gjekk fyrst vidaregåande etterfulgt av Overstyrmannsskulen i 1977, Sjøkrigsskulen i Bergen 1978-79, seiling på Kystvakta 1979-80. Deretter fiskeri att, og det heile endå då han om bord i Bellsund var med å kante 60-70 nautiske mil sørvest av Bjørnøya i desember 1983. Einar og ein kamerat var dei einaste overlevande av eit mannskap på 9. Dei kom seg i flåten, og opphaldet der varte i 30 timer. Det såg stygt ut for kameraten, som var sterkt nedkjølt med lufttemperatur på -10 grader, og sjøtemperatur på -1 grad. Eine og åleine Einar sin ro og gode vurderingsevne, gjorde at dei begge vart plukka opp av M/S Framnes, den siste kolbåten frå Svalbard for vinteren, som gjekk forbi. Einar sat på vakt og kika ut, det var snøver og null sikt. Brått klarna det opp, og då med eitt fekk han auge på lanternene til Framnes. Då gjekk siste raketten, og dei vart berga.

Etter Bellsund vart det NTH i Trondheim i 1984-86. Etter det, vart Fiskeriteknologisk Institutt arbeidsplassen dei neste 4 åra. Deretter 7 år som lektor ved Møre og Romsdal Fiskeritekniske Høgskule. I denne perioden danna han også stiftinga «Norengen», og var leiar der i 10 år. Norengen vart nytta som opplæringsfartøy i navigasjon. Etter desse åra innan undervisning og forskning, vart den maritime industri Einar sin neste arena. Einar jobba blant anna hos RR, Optimar og Fiskerstrand Verft, før han i 2020 kom attende til sjøen, og denne no til Norled. Einar har vore ein ivrig forkjemper for Nordøyvegen, og det meste har han kanalisert gjennom Lepsøy Bygdeutval, og i si rolle som leiar der, i ein periode som strekkjer seg over 15 år. Etter at Einar går av siste vakt i rute 21, går vegen vidare til M/F Ullensvang, som skipper der.



Bård Eikebø – Maskinsjef

Bård er fødd på Vartdal i 1959. Han starta som smører på fiskebåt i 1975, 16 år gamal. Sidan har det gått slag i slag, og alle har vore sløslag. Sjøen vart hans liv med linefiske, snurping og tråling. Fiskerlivet vart kombinert med yrkesskuler og verkstadtid, før han i perioden 1984-87, gjekk maskinistskulen. Etter skulen fulgte 3 år med tråling om bord i Rosund og Ramoen. I 1990 var det imidlertid slutt på fiskerlivet, og offshore vart for Bård den nye normalen, med unntak av ein periode på Geirangerfjorden i 1996-97. Han segla for rederi som Viking Supply, Sævik Supply og Siem. Bård slutta i offshore i februar 2021, og har sidan det vore maskinsjef om bord i Os. Når no Bård forlet Os for kanskje siste gong, går vegen til sambandet Solavågen – Festøy, som maskinsjef om bord i M/S Solavåg. No som maskinsjef på ei elektrisk dreven ferge. Spanande.



Even Hartmann – Matros

Even er fødd i Brattvågen i 1992. Sine fyrste sjøbein på stor skute, tok han om bord i M/S Os i 2013. Her vart han verande i 2 år. Deretter gjekk vegen til sambandet Hareid – Sulesund, der han var til han starta på skule i Trondheim. Året var 2016, og opphaldet i Trondheim varte i 5 år, og resulterte i ein Bachelor innan markedsføring. I mai 2020, var Even atter attende som matros på Os. Når Even no går på land, vert Oslo neste stasjon, der han har fått jobb som matros på passasjerferga «Dronningen», som går i rute Aker Brygge – Nesodden. I Oslo ynskjer han også å sjå om han finn ein veg inn i yrket han er utdanna for. Lykke til.



Marius Lausund Slotsvik - Maskinlærling

Marius kjem frå Olsvika, og han var fødd i 2001. Marius har seilt som lærling i Norled sidan sommaren 2020. Lærlingeløpet strekkjer seg over 2 år. Og siste halvåret av læretida, vert å ta om bord i Solavåg i sambandet Solavågen – Festøya. Når han no til neste år innehar fagbrev som motormann, går vegen vidare til Fagskulen i Ålesund for vidare utdanning. Etter avslutta utdanning, hadde Marius sett veldig pris på jobb innan offshore og på rigg.

Skift 2



Jan Einar Sørheim – Kaptein

Jan Einar var fødd i Åkrehamn på Karmøy i 1971, men har budd dei siste 25 åra i Vedavågen. Etter konfirmasjonen vart det å gå yrkesskulen. Sterke røter til Amerika, med ein far og ei mor som har budd der i mange år, og med mange av syskena sine som er fødde der, var grunnen til at Jan Einar reiste over for å få seg «green card», for fiske i Alaska. Dette vart ikkje so populært, og mora såg helst at guten hennar ikkje drog dit. Då vart det Norge og fisker på kraftblokker. Deretter vart det byssegut på ein rigg tilhøyrande danske Mærsk. I 1991 vart det militæret. Etter det var det plass for den einaste gongen han har jobba på land i 6 månader hos Vedavågen Trevare og bygde garasjeporter. Sjøen kalla og han tok difor sjøvegen atter ein gong fatt. 1994&95, fiskeri på ein 50 fot sjark på Lofotfiske. I mai 1995, fekk han jobb i Simon Møgster, som tilsett i maskina. Møgster hadde ein god personalpolitikk, og for å rekruttera gode folk, plukka dei ut 5 frå maskin, og 5 frå dekk i heile reiarlaget, for skulegang. Jan Einar skulle på maskinistskulen, men der var alle klasser fulle, so han starta på Overstyrmannsskulen i staden for. Det vart Overstyrmannsskule i 1996-97, og skipperskule 1997-98. I år 2000 gjekk vegen til Solstad, og det vart han verande i 7 år. I desember 2007 gjekk vegen til DOF, og der var han til mai 2015. Då vart noverande arbeidsgjevar Norled neste stopp. Der har han blant anna jobba som skipper på M/F Stord, som har gått i rute over Horgefjorden i sambandet Stavanger-Tau. Til rute 21 kom han i september 2021, og 03.01.2022, vert han å starte som skipper om bord i M/F Solavågen.



Roy Sylvestersen – Overstyrmann

Roy er frå Søvika, og han er fødd i 1972. Er ein frå Søvika er det aldri langt til ein linebåt, og ei blomstrande fiskerinæring. Etter konfirmasjonen bestemte Roy seg for å ta eit friår, som fisker om bord i Skarhaug på autoline. Dette friåret varte i 16 år, og etter de eg veit om linefiskeri, vart det vel ikkje so mykje fri heller. Militæret vart det sjølv sagt plass til inne i mellom. Etter at han slutta som fisker, vart Solstad neste arbeidsgjevar, eit arbeidsforhold som varte i 5 år. Deretter vart det 2 år med skulegang, for å kvalifisere seg til å føre større fartøy. I 2014 var skulegangen over, og Roy starta som kadett i Norled for å kunne løysa sine sertifikat, og har vore Overstyrmann sidan. Når no rute 21 er historie, fortset Roy som Overstyrmann om bord i M/F Solavågen.



Henning Kvalvåg – Maskinsjefvikar

Då Haram kulturhistoriske lag var om bord, var det Henning vi møtte som maskinsjef. Henning jobber til dagleg som maskinsjef ombord i M/F Solavågen, men grunna sjukdom hos maskinsjefen på Os, måtte Henning tre inn. Henning er, og har alltid vore Hundeidvikar, der han vart fødd i 1960, og der han framleis bur. Som alle frå Sykkylven med respekt for seg sjølv, starta også han å jobbe i møbelbransjen. Han jobba hos Formfin og Ekornes. I 1979 var det imidlertid slutt på landlivet. Longvarederiet vart hans nye arbeidsgjevar, og han mønstra på som smørar på oljeleiting. Der var han i eitt år. Då vart det utdanning, og etter maskinistskulen bar vegen til kystfrakt i Syd Amerika, eller Argentina-Statene for å vera meir presis. Det var på containerbåt, og reierlaget var Ivarans Rederi AS. So kom ein kort periode på 6 månader på reketråling på Svalbard. Båten heitte Stålegg Senior, og reiarlaget var Beitveit Havfiske AS. So fulgte ein periode innan cruisefart. Kloster Rederi ved NCL var reiarlaget, og her var Henning i fleire perioder, med ein samla seilingstid på 6 år. I mellom periodane på cruise, vart det fraktfart i Gulfen (var der under Gulfkrigen), vidare New Zealand, Burma (no Myanmar) og Øst Afrika. Deretter vart det 2 år i teneste hos Vartdal Fiskeriselskap om bord i Ramoen, før vegen gjekk til New Zealand og tråling der. Norske reiarlag dreiv aktiv fiske der nede i mange år, og Henning jobba for Seahunter Fisheries. Utlandet har lokka, og etter New Zealand vart det 8 år med reiarlaget Solstad på konstruksjonsfartøy i Brasil og Mexico, før vegen gjekk til Vest Afrika, også denne gongen på konstruksjonsfartøy, med no for eit hollandsk reiarlag. Då Austevoll kom inn som B-ferje i rute 21 i 2015, fekk Henning seg jobb der som maskinsjef, ein jobb han hadde fram til juni 2020. Det vart nokre turar til , no på Os, for å avhjelpe reiarlaget i ein vanskeleg situasjon.



Simon Haram – Maskinsjef

Simon var fødd i Askim i 1972, og flytta saman med foreldre og søsken til Haramsøya i 1978, og der bur Simon framleis. Det fyrste steget i vakse liv, gjekk til Brattvågen og utdanning ved VK1 Jern og Metall. Deretter vart det Volstadsberga og lina: Drift og Vedlikehald (maritim line). Med teori og praksis som baggasje, gjekk han sjøvegen til Volstad Viking, der han var smørjer eitt år. Då vart Simon innrullert i den norske hær for eit år. Ingen har vel dimma som grunnrik, og det gjorde heller ikkje Simon. Reiarlaget Volstad og fabrikktråling vart neste stasjon. No som fisker. Dette var ikkje eit liv, som Simon treivst med. Det vart difor Ørsta og 2.klasse sertifikat for alt av store biler og busser. Dette bragte han til Wågan Transport, ein arbeidsgjevar han hadde i 10 år. Sjøen var aldri langt unna, og i perioden 2004-06 vart det maskinistutdanning ved Fagskulen i Ålesund. Etter endt fagutdanning, fjekk vegen om bord i Seaway Petrel, heimehøyrande i Brattvåg, og eigd av reiarlaget Uksnøy, no som 2. maskinist. Reiarlaget hadde og Geo Barents, og Simon segla på begge desse båtane fram til 2014, no som 1. maskinist. Det kan også nemnast at Simon, i sine friperioder, vikarierte som maskinsjef i rute 21. I 2014 var han innom Volstad att, og M/S Volantis, der var han til han i 2015 starta i DOF, som maskinsjef om bord i Skandi Marøy. Då fekk Simon eit tilbod han ikkje kunne seia nei til. World wide supply tilbaud han jobb som maskinsjef på ein av sine båtar, som opererte i Brasil. Etter det starta han som maskinsjef i stillinga assisterande assistent i Norled, og denne stillinga bragte Simon til mange stader i vårt vidstrakte land, men med hovedvekt på Hareid - Sulesund. Det kjekkaste han har vore med på, i fylgje han sjølv. Etter kvart fekk Simon fast stilling, og har vore maskinsjef i Norled sidan då, med eit unnatak, og det var 2019, då han hadde jobb som maskinsjef i reiarlaget OH Mehling & Co AS. Simon er ikkje bygt for sofakroken, og driv i fritida si Haram Kranservice. Ein annan aktivitet som har tatt ein god del av Simon si tid, er jobben han gjer i hjelpearbeid, hovedsakleg bak gamle jernteppet, og med hovedvekt på Ukraina og Russland. Mang ei hjelpesending har blitt sendt over med Simon bak rattet. Her har han jobba for diverse pinsemenigheiter som på Hildre og Harøya, samt Emanuel - Hjelpende Hender. Sambandet Festøy-Solevågen med M/F Tidefjord som arbeidsstad, vert Simon sitt neste steg.

Skift 3.



Cato Hundal – Fartøysjef - Kaptein

Cato er fødd i 1967, og vaks opp i Balsfjord i gamle Troms Fylke. Knappast ferdig med grunnskulen, bar det på sjøen. Jobb som lineegner var det som starta det heile. Ikkje i nærmiljøet, men heilt til Finnmark bar det. Til Båtsfjord, og jamvel Kiberg, heilt aust i Finnmark. 15 år var han då. So fulgte nokre år med linefiske på kysten av Lofoten, Troms og Finnmark. Deretter ein periode som var spekka av forskjellige type fiskeri. Garn, not, snurrevad og juksa for å nemna nokre. Skjellskraping vart det også plass til. I 1989 gjekk vegen til skulebenken for kystskippereksamen. I perioden 1996-95, var det attende til skulebenken for ytterleg navigasjonsutdanning. Dette førte til meir fiske, men med litt endra karakter. Båtane vart større, og havet djupare. Det vart meir havgåande fartøy, men linefiske var framleis driftsforma. Det held han på med til 2004. Då starta Cato i fergedrift i Harstadområdet, noko han held på med til 2010, då autolinefisket kalla att. 1,5 år varte det, før han tok seg 1 år som skipper i sambandet Flak-Rørvik. Fiske er spanande, og det forlet ein ikkje so lett, og i tidsrommet 2012-14 var Cato nok ein gong på linefiske med Polaris frå Måløy. I 2014 vart Norled Cato sin arbeidsgjevar, noko som resulterte jobb i sambandet Levanger – Ytterøy i 2014 og Brekstad – Vallset i 2015. I 2016 tok Cato konsekvensen at lang arbeidsreise, og flytta til Osterøy ved Bergen med familia si. Han vart då kaptein på Fedjefjord i sambandet Fedje -Sævrøy. Der var han til han vart fartøysjef om bord i M/F OS i november 2019. Når no rute 21 er historie, fortset Cato som kaptein på M/F Ytterøyningen i Fjellbergruta i Sunnhordaland.



Lilli Eirin Broløkken – Overstyrmann

Lilli-Eirin fødd i 1994, er frå Ellingsøya, men bur no i Ålesund. Då Lilli Eirin stod framføre eit yrkesval, hadde ho lyst til å velje noko som var litt utypisk. Kanskje var ho påverka av bestefaren som budde i Tjørvågen, han var skipselektrikker i Wilhelmsen, og ein som gladleg tok med seg barnebarna ut for å småfiske. Lilli Eirin starta som dekkslærling hos Havila då ho var 17 år, ei utdanning som varte i 2 år. Som 19 åring starta ho på utdanninga «Bachelor i Nautikk». Studiane gjekk fint, og Havila ville gjerne ha ho tilbake, so ho starta som Kadett der, og ho var der det året ho trong for å innløyse sertifikatet sitt. Tida som Kadett i Havila var for Lilli Eirin veldig positiv, og ho fekk grundig og planmessig opplæring innan dei fagfelte ein lyt beherske som offiser på båt. Då ringte Norled og tilbød henne jobb som

Lilli Eirin Broløkken – Overstyrmann (forts)

matros i rute 21. Ho hadde også jobba sporadisk for reiarlaget under utdanninga si. Ho jobba som matros, til det opna seg ein jobb som Overstyrmann i same rute i 2020. Etter at Os har forlate Nordøyane, tek vegen Lilli Eirin til sambandet Solevåg – Festøy, og Overstyrmann på M/F Festøya.



Norvald Arild Misund - Maskinsjef

Norvald Arild er fødd i Midsundet i 1953, men bor no i Eidsvika. Som reiarson, vart det naturleg for Norvald Arild å starta yrkeslivet sitt om bord i familiebåten Ottrøyning. Året var 1971, og der var han i eitt år. Det vart yrkesskule, og deretter Sjøguttskulen på maskinaspirantlinja i Horten. Deretter var det Leif Høegh, som apspirant. Opplæringa bestod av jobbing på 2 forskjellige båter i løpet av eitt år. Resultatet vart at han var kvalifisert til å vera motormann. Etter året hos Leif Høegh, gjekk vegen heim att, og til fiskebåten. Året var 1975, og då kom Norvald Arild i forbindelse med MRF for fyrste gong. Det starta på M/F Rauma og Moldefjorden. Det var imidlertid vanskeleg å få fast båt, og sambandet Hareid – Ålesund var det sambandet som fekk lengst nytte av Norvald sine kvalifikasjoner. I denne perioden gjekk han frå å vera motormann til å verta assistent. Skulle ein koma vidare, trongst det meir utdanning, og i tidsperioden 1976-79, gjekk Norvald Arild på maskinistskulen. I heile denne perioden hadde han permisjon frå arbeidsgivaren MRF. Utdanning er bra, men utan sertifikat kjem ein ingen veg. Norvald Arild søkte seg difor ut at i langfart utanriks, for såleis å kunne innløysa sertifikat sine. I 1982, var ting på plass, og vegen gjekk attende til MRF, der han vart verande til 1999, og brorparten av tida vart tenestegjort om bord i Smøla i rute 22, der han var i 12 år. I denne perioden gjekk Norvald Arild VK3, for såleis å kunne innløysa maskinsjefsattest sitt. Etter MRF vart det ei kort stund på cruiseskip for det engelske reiarlaget Cunard Line. I 2003 tok han Nordsjøen fatt, denne gong for reiarlaget Solstad. 13 år vart det der. Då var det vanskelege tider i bransjen, og mange båter gjekk i opplag. I 2019 kalla sjøen att, og Norled vart kanskje Norvald Arild sin siste arbeidsgjevar, då han har tenkt å legge inn årane etter at fergene på Nordøyane er historie.



Dag Ståle Farstad - Matros

Dag Ståle vart fødd på Lepsøya i 1969, og han bor framleis der. Øyingar har ofte ein sterk hang til sjøen, og sjørelaterte aktiviteter, og slik vart det med Dag Ståle og. I 1985 starta han som fisker. I 1986 gjekk han på land for å ta utdanning innan mekaniske fag, med spesialfokus på sveising. Dag fekk problemer med kroppen av for mykje kryping og jobbing i vanskelege stillinger, noko som gjorde at han søkte nye utfordringer, so sjøen kalla nok ein gong. I 1988 bar det nok ein gong på sjøen. I 1989 var det militærtjeneste. I åra 1990-2000, vart det tråling, der arbeidsforholdet om bord i Koralen var det lengste med 6 år. Dette yrke bragte han til nye verdenshav, med kanskje fiske med Klara Birting utanfor New Zealand som det mest eksotiske. I åra 2000 -08 vart det å jobbe hos Ingolf Engeseth AS på Grytastranda, som produksjonsarbeider og truckfører. I 2008 byrja han i offshore hos Aries Offshore(no Golden Energy Offshore), og var der til 2019, då han fekk jobb i Norled om bord i Os. Neste steget på vegen går til Solevågen – Festøya, for å verta matros om bord i M/F Tidefjord.



Svein Nerland – Vikar Kaptein

I perioden då denne artikkelen var skreven, fekk kaptein Cato Hundal alvorleg sjukdom i nær familie, og Svein måtte steppe inn for å avhjelpe situasjonen til den var avklart. Svein var fødd i 1949, og han bor på Røyra i Herøy Kommune. Svein starta i Fjord1 i 2005, og Tide i 2008. No er han kapteinvikar.

Skift 4



Øystein Åkre – Kaptein

Øystein er fødd i 1952, og starta som fisker på familiebåten «Bømmelfjord» rett etter konfirmasjonen. So vart det førstegangstjeneste i 1973. I 1975 vart Hurtigruta neste arbeidsgjevar, der han jobba som matros. I 1976 tok Øystein kystskippereksamen kl. 1. Då vart det Nordsjøen og stand-by tjeneste ombord i Grete Kalve, no som overOverstyrmann. So vart det attende til fiskeri om bord i Meløytål, no som «bestmann». Men kysten frista, og denne gongen vart Nordenfjeldske Dampskipselskap arbeidsgjevar, og båtane heitte alltid noko med «Jarl» (t.d. Håkon Jarl). 15 år vart det her, og Øystein starta som matros, og enda til slutt opp som kaptein. Det som enda denne perioden, var at Øystein nærmast vart «head hunta» som sivilkaptein om bord i Kystvakta sine båter. Dette arbeidsforholdet varte i 5 år i perioden 1997-2002. Her fekk Øystein vera med på å bygge opp prosedyrar og innføra IKV, som var eit krav for norsk medlemskap i Schengenavtalen. I 2005 gjekk vegen til Stavangerske Dampskipsselskap, og i 2006 starta han i noverande jobb. Jobben er no snart gjort, og Øystein er den som har vakta på siste turen til Store Kalvøy 18.12.2021 kl. 18.05, samt at han skal føra Os til sin neste arbeidsplass på Larsnes i romjula.



Anja Broløkken – Overstyrmann

Anja er fødd i 1992, og ho kjem frå Ellingsøya. Anja ville freista noko utradisjonelt og vegen gjekk difor til Norled, der ho starta som matros, noko som enda opp med lærlingekontrakt, og seinare Overstyrmannsutdanning ved Fagskulen i Ålesund. I skuleferiane vart det sommerjobb om bord i kystverket sine båter. Etter endt utdanning vart det jobb hos Island Offshore, der ho var om bord ein PSV med base i Den Helder i Nederland. So kom oljekrisa, og vegen attende til Norled vart lagt. No var alle bitar på plass, og Anja jobba som overOverstyrmann på sambandet Hareid – Sulesund, men kun på tilkalling. Dette gjorde at Anja søkte seg til sambandet på Nordøyane for å få fast jobb. Jobb i styrehuset var ikkje ledig då, so ho måtte sigle ei stund som matros før ho tok til som Overstyrmann. Ho vert med på siste turen til Store Kalvøy 18.12.2021, samt at ho skal vera med å føra M/F Os til Larsnes i romjula. I januar starter Anja på jobb i sambandet Solevåg-Festøy, på ei av nyfergene der.



Crislandia Vedvik – Maskinsjef 50% stilling

Crislandia er fødd i Rio de Janeiro i Brasil i 1986. Ho tok sin 3 årige maskinistutdanning i Brasil i perioden 2004-2007. Det var 9 jenter på kullet, men ho er i dag den einaste som utfører yrket sitt. I perioden 2007-2011 sigla Crislandia på Farstadbåter som 2. maskinist, I perioden 2011-17, jobba ho som 2. maskinist for Subsea 7. Då flytta ho saman med mann og eitt born til Norge. Etter det har ho rukke å verta mor ein gong til, i tillegg til å ha vore attende i Brasil i 2018 for å fullføre maskinsjefutdanninga si. Crislandia deler maskinsjefstillinga, då ho, grunna 2 små born, ikkje har høve til å jobbe i andre periodar enn når mannen, som har 4/4 vaktordning i Nordsjøen, er heime.



Normann Witsø – Maskinsjef 50% stilling

Normann er fødd på Grytastranda i 1953. Etter eitt år på Jarn&Metall i Spjelkavika, tok han sjøvegen fatt. Det heile starta hos Nordenfjeldske Dampskibsselskab i 1969, på hurtigrutene Erling Jarl, og Harald Jarl. Han seila då som motormann. Maskinistskulane gjekk han i perioden 1974-78, med eit lite opphald i perioden. Offshore lokka, og i 1980 mønstra han på båt i reiarlaget O.H. Meling & Co AS som 1. maskinist. Deretter vart det Viking Supply Ships frå Kristiansand i perioden 1981-97. Då kjøpte Per Sævik Viking Supply med Normann på lasset. Per Sævik sat ikkje lenge ved roret i det nye reiarlaget, då han selde det vidare til Trico Marine i oktober 1997, også no med Normann med på lasset. Etter totalt 27 år innan Offshore, gjekk han over til Tide og rute 21 i desember 2012. Tide (DSD) var tatt over av Norled i 2019, og Normann vart atter med på lasset. I praksis betyr det at Normann har vore maskinsjef i rute 21 sidan 2012, under fleire reiarlag. Når no Os går si siste rute 18.12.2021, vert Normann pensjonist på rett.



Kjell Astor Løken – Matros.

Kjell har alltid jobba på sjøen. Fiske og primært linefiske vart levevegen. Han var blant anna om bord i Geir Peder frå Grytastranda. Kjell har også freista lykke på djupare vatn og, og var i ei årrekke med på fiske etter «patagonian toothfish» i Argentina. Kjell hadde lyst til å skifte til ein jobb, som kunne gjera at han var meir heime, og han vart hjelpt av innskrenkingar i fiskeriet, noko som gjorde at eine skiftet vart oppsagt, og dette førte Kjell til Norled i 2016. Kjell har opplevd tida om bord i Os som veldig positiv, med eit veldig godt samhald mellom besetningsmedlemmane. Noko anna som også har vore ekstra stas, er at han segler på nestan historisk grunn, då bestefaren hans kom frå gard på Laukå, før han flytta til Hurla i 1925. Huset frå Laukå var teke ned, og er i dag Måløyhuset på Lepsøya.

Bildearkiv.




Hovedmotor ABC



Anja Broløkken legg til kai ved Skjeltene



Hjelpemotor Nogva



Crislandia Vedvik på vakt i maskina



Frydenbø Styremaskin



Gearbox



Hovedtavle.



Kloakksystem



Soundfast 822-302 frå Peilo Teknikk, Longva



Hydraulikken for personheis



Lilli Eirin ved Skjeltene fergekai



Versituasjonen ved Skjeltene fergekai



Mannskapsmessa



Handicapheis



Nedre salong




Toalett nedre salong



Øvre salong med kaffistasjonen vår



Øvre salong



Bunkring av 22 m3 ved Skjeltan fergekai